

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Møterom, Ulriken,
Føretaksadministrasjonen, Møllendalsbakken 9, Bergen

Møterom, Kjærag
Helse Vest, Nådlandskroken 11, Stavanger

Videomøte 998290

MØTETIDSPUNKT: 12.12.2019, kl. 15.30 – 17.30

Styremøte var ope for publikum og presse

.....

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Eivind Hansen	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Arve Varden	Medlem
Bente Aae	Medlem
Gunvald A. Iversen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Ragnhild Winum	Medlem

FORFALL FRÅ STYRET

Bente Aae

DELTAKARAR FRÅ FØRETAKET

Jon Bolstad	Administrerende direktør
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør
Ola Rye	Økonomidirektør
Berit Beate Berntsen	HR- og org. direktør
Ørjan Lundgren	Kommunikasjonsleiar
Grethe Bjørndal	Kontorsjef (referent)

SAKLISTE**Ope del**

Sak	030/19	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak	031/19	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 13.06.2019	Vedlagt
Sak	032/19	Administrerande direktør si orientering	Vedlagt
Sak	033/19	Årleg melding 2019 Sjukehusapoteka Vest HF	Vedlagt

Saker til orientering:

Sak 039/19 Eventuelt

Skriv og meldingar.

Lukka del

Sak 034/19, 035/19, 036/19, 037/19 og 038/19 blir handsama i lukka møte heimla i Offentleglova §23.1 og Helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

Sak 034/19	Verksemdsrapport per oktober 2019	Vedlagt
Sak 035/19	Budsjett 2020 for Sjukehusapoteka Vest HF	Vedlagt
Sak 036/19	Nasjonale samarbeidsprosjekt	Vedlagt
Sak 037/19	Styret si eigenevaluering og evaluering AD 2019	Vedlagt
Sak 038/19	Lønnsregulering AD 2019	Vedlagt

Styret sitt kvarter.

OPE DEL

Sak 030/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner innkalling og dagsorden.

**Sak 031/19 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF
01.10.2019**

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 01.10.2019.

Sak 032/19 Administrerande direktør si orientering

1. Endring samansetning SAV styre frå 01.11.2019
2. Status for arbeid med utrulling av «Apotekstyrt legemiddeltilberedning» (AST) i Helse Vest.
3. Status for innføring av eindosepakka legemiddel i Helse Vest.
4. Regional rutine for varsling – revidert i tråd med lovendring.

Handsama i lukka del av møtet:

5. Resultat kundeundersøking PUB.
6. Salskonkurransar og meirsal i apotek.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek meldingane til orientering.

Sak 033/19 Årleg melding 2019 Sjukehusapoteka Vest HF

Årleg melding 2019 er Sjukehusapoteka Vest HF sin rapport på oppfølging av dei mål og eigarkrav som framgår av «Styringsdokumentet 2019» frå Helse Vest.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek Årleg melding 2019 Sjukehusapoteka Vest HF som SAV sin rapport til Helse Vest på oppdragsdokument 2019.

Sak 039/19 Eventuelt

Ingen saker vart teken opp under Eventuelt.

LUKKA DEL

Møte blei lukka etter Offentleglova §23.1 og Helseføretakslova §26a, 2.ledd nr 4.

Sak 034/19 Verksemdsrapport per oktober 2019

Oppsummering

Rapporten vart gjennomgått.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapport frå verksemda per oktober 2019 til vitande.

Sak 035/19 Budsjett 2020 for Sjukehusapoteka Vest HF

Oppsummering

Det er nytta same modell for budsjett og budsjettprosess 2020 som tidlegare år. Budsjett tek omsyn til volum og prisutvikling siste året samt dialog med sjukehusa om utvikling i tenestene.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek Budsjett 2020 for Sjukehusapoteka Vest HF.

Sak 036/19 Nasjonale samarbeidsprosjekt

Oppsummering

Tilrådingar frå nasjonale samarbeidsprosjekt som har sett på tettare samarbeid mellom sjukehusapotekføretaka på områda publikum og beredskap. Det blir oppretta desentraliserte administrasjonsfunksjonar for dei to områda frå 1.1.20.

Vedtak (samrøystes)

- 1. Styret tek prosjektrapport nasjonalt publikumsprosjekt og prosjektrapport SAMLE (Sykehusapotekforetakenes samarbeid om legemiddelberedskap) til vitande.*
- 2. Administrasjonen rapporterer på framdrift og status i arbeidet innan utgangen av 2020.*

Sak 037/19 Styret si eigenevaluering og evaluering AD 2019

Oppsummering

Der er eit krav i protokoll frå føretaksmøte at styret i Sjukehusapoteka Vest HF evaluerer eiga verksemd årleg. Oppsummeringa av evalueringa skal vidareformidlast til eigar.

Vedtak (samrøystes)

1. *Styret si eigenevaluering og evaluering av administrerande direktør er gjennomført i Sjukehusapoteka Vest HF i november 2019 som elektronisk spørjeundersøking etter mal frå Helse Vest RHF.*
2. *Styringsmål for AD i 2020 vert følgt opp av styreleiar.*

Sak 038/19 Lønnsregulering AD 2019**Oppsummering**

Ein viser til styresak 046/18 der styret godkjende styringsmål for AD 2019.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek lønnsregulering for AD på 3,2% gjeldande frå 01.01.2019.

Grethe Bjørndal
referent
12.12.2019

.....
Elektronisk signering av protokoll i Admincontrol.